

*JUBILEUM:* Det var folksomt då Sprien markerte 20 års jubileet som ein del av årstidsfesten Mikkelsmesse. Foto: www.oransje.com

# Spiren runda 20

**I sitt tjuande år går det betre enn noko gong for Spiren barnehage. Alle dei 18 plassane er opptekne, og born står på venteliste for å få plass i den populære gardsbarnehagen.**

Spiren barnehage vart starta opp i august 1989. Det første året som eit barnehagetilbod utelukkande mynta på born av lærarar og elevar ved Sogn jord- og hagebruksskule (SJH). Allereie året etter kom Aurland kommune på bana, og spurte om å få tildelt plassar i det nye barnehagetilbodet. Derifrå har Spiren og Aurland kommune hatt eit fast samarbeid.

### Samla opptak

Barnetalet ved barnehagen var variert noko, men etter at det private barnehagetilbodet vart ein del av det som vert omtala som felles barnehageopptak, der plassane i alle barnehagane i kommunen vert lyste ut på same søknadsskjena. – Me opplevde ein auke i tal søkjarar då me kom med i samla barnehageopptak. Me har 18 godkjende plassar, og dette året er det fullt. Me har faktisk hatt ventelister dei siste par åra, seier styrar gjennom 20 år, Audhild Bjune.

### Årstidsfestar

Spiren sin popularitet er lett å forstå. Miksen av gardsdrift, dyr og eit flott uteområde er spanande saker for borna. Det at barnehagen er etablert på ein gard er noko av grunnen til at det er sett tak på 18 plassar. Skuleleiinga har sagt at det bør vere eit tak på talet born. Det har med tryggleik å gjere på eit område med gardsdrift og med trafikk av ulike køyrety. Spiren barnehage er no, til liks med dei kommunale barnehagane, eit fullt ut respektert tilbod i Aurland. Barnehagen legg ein litt anna pedagogikk til grunn i si drift enn dei kommunale barnehagane gjer. Steiner-pedagogikk i

framhald



*VENTELISTER: Spiren barnehage opplever stigande popularitet. - Dette året har me ventelsister, seier styrar Audhild Bjune. Treåringen Eline Grønsberg var blant dei heldige som fekk plass.*

Nr. 10 2009 Aurlendingen

kombinasjon med gardsbarnehageaspektet legg føringar på drifta gjennom barnehageåret. – Det som særpregar oss er at me legg vekt på årstidsfestar der me er opptekne av årstidene og korleis naturen skifter i takt med desse. Me let det kome til uttrykk gjennom mange av aktivitetane våre gjennom barnehageåret, seier styraren.

### Nøktern drift

Spiren har tre finansielle bein å stå på. Foreldrebetalinga er bestemt til å følgje det nivået som til ei kvar tid er gjeldande i dei kommunale barnehagane. Barnehagen får vidare eit statstilskot på grunnlag av tal born og kor gamle desse er. Det siste er eit årleg tilskot frå Aurland kommune. – Me greier oss greitt, men prøver i drive så nøkternt som mogleg, seier Audhild Bjune, som trur Spiren barnehage har gode år framfor seg. Den sitjande regjeringa sitt syn på private barnehagetilbod er rett nok litt blanda, og i frå 2011 er det sagt at det skal verte vanskelegare å starte opp private initiativ innafor skule og barnehage. – Dette vil ikkje røre ved allereie eksisterande tilbod, seier Audhild, som er meir spent på korleis ei endra statleg tilskotsform vil slå ut. Det som no er øyremerka statlege overføringar vil om nokre får år kome som ein "sekk" med pengar som den einskilde kommune skal forvalte og dele ut.

Spiren gardsbarnehage har markert 20 års jubileet sitt. Det skjedde i samband med årstidsfesten Mikkelsmesse i slutten av september. Det som i si tid starta opp som rein skulebarnehage er no eit etterspurt og populært barnehagetilbod for innbuarane i Aurland.

---

Så var jenta vår skule klar og tida i barnehage er slutt. Det var ein vemodig dag då me skulle ha avslutning. Det var duka til fest, og sjølv om det var siste barnehagedag var det også ei markering på at tida var klar for neste steg.

Jenta vår har hatt plass i Spiren Gardsbarnehage i Aurland frå hausten 2005. Vi ønskte oss eit anna tilbod til ho enn den kommunale barnehagen som begge gutane våre har hatt. Ikkje for at tilbodet i den kommunale barnehagen ikkje var godt nok, men dei verdiane Spiren Gardsbarnehage arbeider etter var meir i tråd med våre. I tillegg trur vi at stabilitet i personalgruppa er viktig for tryggleiken.

I Spiren Gardsbarnehage vert det servert varm suppe to gonger i veka og all mat elles er uten kunstig tilsetjing. På fredagene bakar dei gjerne, men då for aktiviteten, ikkje berre for å ete det dei lagar. Baksten får dei gjerne med heim, og hjå oss har det vere mange fredager Anne Lena har måtte dele godsakene med brødrene, økologisk pizza eller bollar.

Nærleiken til dyr var for oss sentral ved valg av barnehage, og jenta vår var ikkje stor då ho fekk strigle ei ku fyrste gong, ri på hest eller klappe geitekillingar. Desse opplevingane har alltid lagt grunnlag for samtaletema rundt middagsbordet i heimen vår mange gonger.

I Spiren har dei ein leiar som har imponert oss mange gonger med sitt tolmod og evne til å få barna til å vere med utan å heve stemma. Å ha evne til å sjå barna kvar og ein på ein slik måte som ho gjer er ein tryggleik for oss foreldre, og det vert gjeve tilbakemelding til oss foreldre raskt om det er trong for det. Audhild har lang erfaring som leiar i Spiren og det gjenspeglar mykje av det barnehagen står for.

Spiren Gardsbarnehage har elles eit personale i Anne og Else som er som eit fotballag. Dei spelar kvar sine rollar, men i samspel. Vi har alt godt å seia om den oppfølginga vi har fått i desse åra.

Anne Lena har til tider vore mykje sjuk, og sjølv om dette har vorte betre dei siste åra, var det vanskeleg når ho berre var to år og veldig tynn. Då vart det innført lov i barnehagen å lage smørbrød. Med Mariannebrød og fiskepudding med brunost på gjekk det mykje lettare å få nok mat i magen.

Vi er triste for å miste den kontakten vi har hatt dagleg med både Anne, Else og Audhild, men vi er samstundes veldig glade for dei åra Anne Lena fekk vere barnehage unge i Spiren Gardsbarnehage. Det er for oss foreldre veldig viktig å ha høve til å gjere val av barnehage. Spiren Gardsbarnehage berikar Aurland kommune. Å tenkje seg eit Aurland utan dette tilbodet ville vere å frarøve oss eit val.

Tusen takk Audhild, Else og Anne – de gjer ein kjempejobb!

*Anita og Leif Turlid*